

Voss trafikkskule as		
SIKKERHEITSKONTROLL AV BILEN		KVA SKAL ELEVEN GJERE ?
VOGNKORTET :		
1	Kva er største tillatte totalvekt på tilhengar denne bilen kan trekke ?	Sjå / vis i vognkort
2	a) Kva konsekvensar kan ein få dersom ein køyrer med for tung tilhengar på bilen ? b) Kva ulemper kan du oppleve dersom du har for tung last i bilen ?	a) Veggrep på framhjula blir redusert, kursstabiliteten blir redusert, bremselengda aukar, blendingsfare ved at lyktene hevast b) Køyreeigenskapar blir redusert, bremselengda aukar, samt det er blendingsfare dersom lyktene og bilen blir heva
3	a) Kor stor tillate totalvekt kan tilhengaren bak denne bilen ha når føraren har førarkort kl.B b) Kva konsekvensar kan det få å køyre med tilhengar med for stor tillate totalvekt ?	a) Sjå/vis i vognkortet eller førarkortforskriftene b) Det er ulovleg, ein får redusert veggrep, kursstabiliteten blir redusert, bremselengda blir lengre, samt blendingsfare sidan fronten blir heva av vekta bak
BREMSER :		
4	a) Kontroller at bremskraftforsterkaren verkar b) Er det forsvarleg å køyre om bremskraftforsterkaren ikkje verkar ? Begrunn svaret	a) Utfør kontroll ; trykk bremsepedalen til den blir hard (5-6 ganger). Hold trykk på bremsepedal samtidig som du startar bilen. Pedalen skal no synke inn. b) Som regel er det IKKJE forsvarleg, då dette gir nedsatt bremseeffekt, samt at pedalen blir veldig tung og hard.
5	a) Kontrollere bremsevæsknivået b) Kva vil du gjere om bremsevæsknivået er for lavt ?	a) Kontrollere væsknivået i beholdaren for bremsevæske under panseret på bilen. b) Ta bilen til verkstad for kontroll. Det kan være slitte bremseklossar, noko som gjer at bremsesystemet treng meir væske for å trykke bremseklossane inn mot bremseskivene. Det kan også være lekkasje i bremsesystemet.
6	a) Kontrollere om bremsene har skeivtrekk. b) Kva kan være årsaka til skeivtrekk ?	a) Køyre mellom 30-40 km/t rett fram og deretter bremse samtidig som ein held laust i rattet. Bilen skal i utgangspunktet holde kursen rett fram. b) Det er ein feil ved bremsene som gjer at dei ikkje slitast likt. Trekker bilen til venstre er bremsene mest slitt på venstre side. Trekk bilen til høgre er dei mest slitt på høgre side.

SIKKERHEITSKONTROLL AV BILEN		KVA SKAL ELEVEN GJERE ?
7	<p>a) Kontroller om varsellampen for to-krets bremsesystem/driftsbrems verkar.</p> <p>b) Kva vil du gjere dersom lampen byrgjar lyse under køyring ?</p>	<p>a) Identifiser varsellampen (!), same lampe som park-brems/håndbrekk, få den til å lyse og slukke. Start motoren, ta av og på handbrekket.</p> <p>b) Stanse og finne evt.årsak. det kan vere at to-krets system ikkje fungerer, eller at det er lite bremsevæske, evt. At handbrekket er feil. Det kan og være teknisk feil eller ein defekt styreeinheit.</p>
8	Kontroller om varsellampen for ABS-bremsene verkar	Identifiser varsellampe, ABS visast med gul skrift. Få den til å lyse og slukke. Dette er ein lampe som skal e lyse når du tar tenning på/ motoren i gang, og den skal slukke etter nokon sekundar.
DEKK :		
9	<p>a) Kontroller dekk og felg for skader</p> <p>b) Kva skader er mest vanlig ?</p>	<p>a) Visuell kontroll, sjekk om det er noko unaturlig med hjula.</p> <p>b) Rifter i dekk sida og bulkar i felgen fører til ustabilitet. Bobler i sida på dekket vil redusere forsterkningen i dekket.</p>
10	<p>a) Kontroller dekkslitasje på begge dekk.</p> <p>b) Kva kan dekkslitasje fortelje deg ?</p>	<p>a) Visuell kontroll. Er hjula slitt jevnt i mønsteret ?</p> <p>b) Dersom det er for lite lufttrykk vil dekk vere slitt på sida. Dersom det er for mykje lufttrykk vil dekk vere slitt på midten. Dersom det er for lite på eine sida kan det fortelje oss at forstillinga på hjula kan vere skeiv.</p>
11	<p>a) Kontroller mønsterdybda på dekkene på begge framhjula.</p> <p>b) Kva er risikoen ved å køyre med for lav mønsterdybde ?</p>	<p>a) Visuell kontroll, evt.bruk av dybdemålar eller slitasjevarsjar på dekk. Minste tillatte mønsterdybde på sommardekk er 1,6 mm, og på vinterdekk er det min.3,0 mm. I dekkmønsteret finn me også små gummiklumpar som indikerar kor slitte dekk er.</p> <p>b) Dårlig veggrep, samt aukt fare for vannplaning.</p>
12	<p>a) Kva er riktig lufttrykk i framhjula på denne bilen ?</p> <p>b) Kontroller om lufttrykket er riktig i framhjula.</p>	<p>a) Sjå innstruksjonsbok eller anna merking på bilen. Dette kan vere i tanklokk for drivstoff eller på dørkarm/døra.</p> <p>b) Visuelt kan ein sjå om dekket er slitt, eller bruk lufttrykksmålar. Nokon dekk er laga slik at ein kanskje må ha høgare dekktrykk en oppgitt.</p>

SIKKERHEITSKONTROLL AV BILEN		KVA SKAL ELEVEN GJERE ?
14	<p>a) Kva er riktig dekkdimensjon for denne bilen ?</p> <p>b) Kontroller om framhjula har riktig dimensjon.</p>	<p>a) Kontrollerer i vognkortet.</p> <p>b) Visuell kontroll.</p>
15	<p>a) Kor stor bereevne må dekkha ha på denne bilen ?</p> <p>b) Kontroller om bakdekkha har riktig bereevne.</p>	<p>a) Kontrollerer i vognkortet. Definerast som «min. hast» og deretter bokstav.</p> <p>b) Visuell kontroll. På dekket står det kanskje 245/45R 17 95W, medan det på vognkortet står min.hast.W</p>
LYS OG LYKTER :		
16	<p>a) Kontrollerer at alle bremselysa virkar.</p> <p>b) Er det forsvarlig å køyre når ikkje bremselysa virkar ?</p>	<p>a) Sjekk at bremselys på venstre/høgre side fungerer, samt høgtsittande bremselys fungerer.</p> <p>b) Nei, det er ikkje forsvarlig. Feilen kan vere røke sikring eller lyspære som ikkje virkar.</p>
17	<p>a) Kontrollerer om nødsignallyset virkar.</p> <p>b) I kva situasjonar er det riktig og viktig å bruke nødsignallys ?</p>	<p>a) Slå på lyset, sjekk alle lys ute på bilen.</p> <p>b) Ved nødstop for å markere bil. Om det er ein situasjon som krev ekstra merksemd.</p>
18	<p>a) Kontrollerer at nærlyset virkar og at det er riktig innstilt.</p> <p>b) Kva ulemper kan det ha om nærlyset er feil innstilt ?</p>	<p>a) Slå på nærlyset, køyr inn mot ein vegg el. for å sjå om det er lys frå begge lyktene.</p> <p>b) Blending av møtande trafikantar, samt at siktstrekningen i mørke kan bli redusert.</p>
19	<p>a) Kontrollerer om kurve/tåkelyset fungerer.</p> <p>b) Kva ulempe vil det ha om kurve/tåkelys blir brukt feil ?</p>	<p>a) Slå på lysa, visuell kontroll.</p> <p>b) Blendingsfare, irritasjon eller bot for feil lysbruk.</p>
20	<p>a) Kontrollerer om tåkelys bak fungerer.</p> <p>b) Kva ulemper kan det ha om tåkelysa brukast feil ?</p>	<p>a) Slå på brytar for tåkelys bak.</p> <p>b) Det kan vere sterkt blendande, spesielt om ein køyrer i kø.</p>
21	<p>a) Kontrollerer at parkeringslys/ baklys og skiltlys virkar.</p> <p>b) I kva situasjonar er det viktig at parkeringslysa er i orden ?</p>	<p>a) Desse lysa kjem på automatisk når ein startar bilen. Kontrollerer at dei virkar ved å gå rundt bilen.</p> <p>b) Parkering i mørket uten andre lyskilder.</p>

SIKKERHEITSKONTROLL AV BILEN		KVA SKAL ELEVENE GJERE ?
22	<p>a) Kontroller at styringen er i orden.</p> <p>b) Kva kan vere årsaka til at bilen dreg til ein av sidene ?</p>	<p>a) Rattutslag til begge sider, sjekk dødgang styring (max.2-3 cm), sjølvoppretting av styring, ulydar, og om bilen er retningsstabil.</p> <p>b) Det kan vere feil på forstillinga eller forskjellige lufttrykk på venstre og høgre side.</p>
23	<p>a) Kontroller om servostyringa verkar.</p> <p>b) Er det forsvarlig å køyre dersom ikkje servostyringa virkar ?</p>	<p>a) Start motoren samtidig som du svingar mot venstre eller høgre. Rattet skal då bli lett idet du startar motoren.</p> <p>b) Ja, det kan vere forsvarlig, men styringa vil bli veldig tung. Dersom bilen har elektromagnetisk styring vil det ikkje vere forsvarlig, då kan dette øydelegge styringa ytterligare.</p>
24	<p>a) Kontroller om bilen er retningsstabil.</p> <p>b) Kva kan vere årsaken til at bilen trekk til ei av sidene ?</p>	<p>a) Køyr i ca. 30 km/t med laust rattgrep. Bilen skal gå rett fram.</p> <p>b) det kan vere feil lufttrykk, eller feil i forstillinga på hjula.</p>
ANDRE TING :		
25	<p>a) Finn fram refleksvesten</p> <p>b) Kor vil du plassere varseltrekant om det blir aktuelt å sette den ut ?</p>	<p>a) Den skal vere tilgjengelig frå førarsetet, og kan eksempelvis ligge i døra, hanskerommet, under setet eller i eige rom.</p> <p>b) Den skal vere godt synleg for andre trafikantar. Utanfor tettbygd strøk bør den stå mellom 100-200 m. frå bilen og aktuell situasjon. Innanfor tettbygd strøk bør ein vurdere forholda.</p>
26	<p>a) Kontroller om vindusviskar verkar på forskjellige hastigheitar.</p> <p>b) Kva kontrollerar du på vindusviskar ?</p>	<p>a) Bruk vindusviskarhendel for å sjekke dei forskjellige hastigheitane.</p> <p>b) Slitasje, rifter, laus gummi eller striper under visking.</p>
28	<p>a) Vis kordan du fjernar dugg fra bakruta.</p> <p>b) Vis kordan du fjernar is eller dugg frå sidespegla.</p>	<p>a) Trykk på knappen for varmetrådar i bakruta.</p> <p>b) Ofte same knapp som varmetrådar på bakruta eller eigen knapp.</p>

SIKKERHEITSKONTROLL AV BILEN		KVA SKAL ELEVEN GJERE ?
29	<p>a) Kontroller at batteriet sit fast.</p> <p>b) Kva er risikoen ved å køyre med laust batteri ?</p>	<p>a) Åpne panseret og forsøk å dytte i batteriet. Det skal ikkje flytte på seg.</p> <p>b) Det kan vere batterisyresøl, som kan føre til kortslutning.</p>
30	Kontroller at lydhornet verkar.	Trykk på hornet.
31	<p>a) Kontroller at vindusspylaren verkar.</p> <p>b) Vis kor ein fyller på spylarvæske.</p>	<p>a) Utførast.</p> <p>b) Vise under panseret.</p>
32	<p>a) Kontrollere alle bilbeltene.</p> <p>b) Kva er risikoen ved å bruke bilbelte med slappe beltestrammara ?</p>	<p>a) Slitasje, rifter og skader. Kontroller at beltestrammaren virkar.</p> <p>b) Beltet vil ligge laust og vil ikkje stramme godt nok ved samanstøt.</p>
33	<p>a) Finn fram varseltekant og monter denne skikkelig.</p> <p>b) Kor langt frå bilen bør du gå før du set den frå deg ?</p>	<p>a) Utførast.</p> <p>b) Ta på refleksvest, monter trekanten ved bilen og sett den ut med avstand ettersom det er tettbygd/ utanfor tettbygd strøk.</p>
34	<p>a) Sett på nødblink.</p> <p>b) Kva lys må ikkje stå saman med nødblink ?</p>	<p>a) Trykk på den raude trekanten i bilen.</p> <p>b) Fjern- eller nærlys vil minske effekten av nødlyset. Optimalt bør ein ha nødsignallys åleine, då det gir best effekt.</p>
35	<p>a) Kontroller at varsellampen for airbag/kollisjonspute verkar.</p> <p>b) Har det nokon betydning kva passasjer du plasserar i framsetet når bilen har airbag/kollisjonspute framme ?</p>	<p>a) Tenning på, lyset skal lyse og deretter slukke.</p> <p>b) Barn og kortvokste kan skadast ved utløyasing av airbag.</p>
36	<p>a) Kontroller motoroljenivå.</p> <p>b) Vis påfyllingsstad for motorolje.</p>	<p>a) Skal vere mellom min. og max. på peilepinne til motorolje.</p> <p>b) Vis i motorrommet kvar ein fyller på olje.</p>